MUSIKK

Kammermusikalsk hyggestund

Helge Iberg får det beste ut av medmusikantane sine.

JAZZ

HELGE IBERG'S JAZZ-KAMMER:

A Musical Offering

ELIN ROSSELAND, VOKAL; BENDIK HOFSETH, TENOR- OG SOPRANSAKS; VOKAL, HELGE IBERG, PIANO; MATS EILERTSEN, BASS; PAOLO VINACCIA, TROMMER. ODIN ODINCD9563

Helge Iberg (63) er musikalsk altetande: frå samtidsoperaen *Det ondes problem – et sosialdarwinistisk Gesimskunstverk* til «Fisking i Valdres» med Viggo Sandvik. Øystein Sunde og Sigmund Groven er to, blant mange artistar, som har brukt Ibergs tenester. Plater i eige namn er det lenger i mellom. Det er grunn til å kryssa av i almanakken for hausten 2017, for det var då Iberg gav ut både kammermusikkplata *Life Music* og *A Musical Offering*.

Iberg har late seg inspirera av ei rekkje klassikarar, men det er stort sett ikkje snakk om tradisjonelle tolkingar. Det dukkar opp sitat i ny og ne, elles ligg inspirasjonen og påverknaden på eit anna plan. Unntaket er to komposisjonar Iberg har skrive til tekstar av Erich Fried og dei to Lennon/McCartney-låtane «Here There And Everywhere» og «Blackbird». Sistnemnde er ei lita perle takk vere eit vedunderleg sopransakskor frå Hofseth og ditto basskor frå Eilertsen. At det framleis er verd å lytta til vokalisten Hofseth, syner han på desse låtane, særleg sistnemnde.

Pianostilen til Iberg er minimalistisk med utsøkt sans for harmonisering. I Rainbow Studio med Kongshaug ved spakane er pianolyden garantert stroken. Lydbiletet opnar opp for Eilertsen og Vinaccia i dels frie roller og med mykje boltreplass. Vinaccia fargelegg og kommenterer i kjent stil. I 2009 gav Iberg og Rosseland ut *Standards and Vanguards* i lag. Rosselands bidrag her avgrensar seg til medverknad på «Eifriger trost», «All The Things You Are»-inspirerte «Alle dinge» og duett med Hofseth på «When A Heavy Drop Falls». Ei elles god plate hadde tolt meir Rosseland.

LARS MOSSEFINN

Lars Mossefinn er frilans kulturarbeidar og fast jazzmeldar i Dag og Tid.

Helge Iberg er musikalsk altetande. Foto: Herborg Pedersen

Foto: Wikipedia

SIGRID KRYSSAR GRENSER

Sigrid Raabe får European Border Breakers Award over nyttår, melder Gaffa. Prisen får ho for å ha brote gjennom på tvers av landegrenser i året som gjekk. Prisen vert rekna som ein viktig indikator på vidare internasjonal suksess. Sigrid får prisen på Eurosonic Noorderslag i Groningen neste år, der ho skal opptre på festivalen.

Nattsong

Cecilie Anna viser seg å vere ein oppsiktsvekkjande god komponist, tekstforfattar og songar.

POP



CECILIE ANNA:

I'm Here

CECILIE ANNA RECORDS

Dei siste dagane har eg gått rundt og nynna på «Close to Four», låten som kjem midtvegs på *I'm Here*, det fine, nye albumet frå Cecilie Anna Rønhovde. Eg har tenkt: Er det ikkje noko kjent med denne songen?

«Close to Four» kunne ha høyrt heime på ei av platene Neil Young laga tidleg på 1970-talet – låten kjennest litt som ein klassikar, som ein av desse slitesterke pianoballadane som berre brått kjem på radioen akkurat når han bør og skal, og som tilsynelatande har eksistert til evig tid.

Det vitnar om eit sikkert grep om handverket, og det finst fleire slike songar på *I'm Here*. Cecilie Anna – artistnamnet inviterer lyttaren til å vere på fornamn – viser seg rett og slett å vere ein oppsiktsvekkjande god komponist, tekstforfattar, og songar.

ELEGANT MINIMALISTISK

Det dreier seg om eit album som held seg nedpå heile vegen til mål, det er dempa men likevel markant framført, og det er elegant minimalistisk i produksjonen, noko som ville ha vore eit vågestykke om ikkje materialet var så sterkt. Fleire gonger har tankane gått til *Nightsong* (1995), plata Sidsel Endresen laga saman med Bugge Wesseltoft, sikkert fordi røysta og pianoet står så sentralt på *I'm Here*.

STORTALENT I UNG ALDER

Eg er med andre ord glad for at eg tok *I'm Here* ut av innboksen, og gav meg i kast med å lytte, ei stormfull natt i eit mørkt hus på Sunnmøre, ein atmosfære som viste seg å vere svært passande. «Morning Star» lèt eit lydopptak av vestlandsvêr få sildre i bakgrunnen, og løftar den vesle melodien gjennom ein velplassert bruk av messingblåsarar. Litt som hos ein artist som David Sylvian tilfører grepet songen eit verdig alvor, noko vi kan takke Rebecca Almås (althorn), Åge Østrem (kornett og flygelhorn), og Torstein Overweg (eufonium) for. Andre nøkkelroller har Vidar Vedå (på kor) og produsent Gisle Østrem, både på Stord og i Abbey Road i London, der albumet vart mastra tidlegare i haust.

Nostalgipoesi

Bisse har forfatta ein framifrå musikalsk danningsroman på dansk.

POP

BISSE:

19.6.87

SHOWBISSE INC.

Tidlegare i år gjorde Bisse reint bord på Steppeulven, prisutdelinga til Foreningen af Danske Musikkritikere. Førre veke spelte artisten – som læt som David Bowie og The Cures Robert Smith blanda med drømmande post-rock og Klaus Nomis energiske, eksentriske og teatralske sceneshow – tre konsertar i Noreg i høve det sjuande albumet: *19.6.87*.

Tittelen er Bisses bursdag, og det storslegne opningssporet blir introdusert av barnleg, eksperimentell pianoklimpring. Slike lydopptak frå familiearkivet fungerer som overgangar låtane imellom plata gjennom, og omslaget hintar om ein nostalgisk *bromance*: På framsida ser vi vokalisten og den næraste musikalske samarbeidspartnaren hans side om side, truleg rundt 10-årsalderen. Baksida er på si side pryda med ein collage av gamle dataspelcover – frå actionspelet Half-Life til spelutgåva av *Sofies Verden*. Dette kan kallast ei danningsplate, der Bisse ser tilbake på transformasjonen frå leiken legeson til artist i full bløming – stadig leiken, men kan hende med fleire sjelelege kvalar.

Store delar av popkulturen i dag er prega av enorme mengder nostalgi, noko *South Park* parodierer med tomt mimrande «Memberberries». Men der nye *Star Wars*-filmar og liknande omkalfatringar av gamle kulturelle fenomen berre ser ut til å vere motiverte av inntening, meistrar Bisse og makkerane hans å lage poesi av minne frå oppveksten – om venskap, rivne hus, krokfot og forelsking i alle i Spice Girls. Det er faktisk rørande.

RASMUS HUNGNES

Rasmus Hungnes er musikar og fast platemeldar i Dag og Tid.

Arkivet: Chris Gantry

Platehistoria er alltid mogen for å verte omskriven med nye aktørar i sentrale roller, eller for å omplassere ei og anna utgiving i ein viktigare posisjon enn ein tidlegare hadde trudd. Og nokre gonger dukkar det opp noko ein aldri fekk høyre, og som ein burde ha fått høyrt.

Denne hausten ser turen ut til å ha komme til Chris Gantrys *At The House of Cash* (Drag City), ei plate som aldri såg dagens lys etter at ho vart spelt inn i 1973. Kvifor?

Gantry fekk ikkje eit selskap til å satse på materialet, la det bak seg og gjekk vidare. Songane han hadde spelt inn i studioet til Johnny Cash, hamna i skuffen. Grunnen var til dels ei sjangernedbrytande haldning til countrymusikken – slik industrien i Nashville definerte denne – som den gongen var fatal, og som i dag verkar toleleg eksentrisk.

For når ein no lyttar til *At The House of Cash,* er det ikkje til å unngå at ein spør seg: Kva om albumet likevel kom ut, og vart kanonisert som omveltande og banebrytande? Ikkje umogleg å tenkje seg, i alle fall for denne lyttaren, og kanskje ikkje heller for Gantry sjølv, som i ein alder av 75 år endeleg kan feire plateslepp.

ØYVIND VÅGNES